

§ 2-2 Val av generalforsamlinga

Generalforsamlinga skal ha minimum 11 og inntil 19 medlemmer og minimum 7 inntil 13 varamedlemmer. Generalforsamlinga si samansetjing skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd.

Innskytarane skal velja inntil 16 medlemmer og 8 varamedlemmer. Kvart år skal det haldast innskytarval, der ein fjerdedel av dei innskytarvalde medlemene av generalforsamlinga som har gjort teneste lengst, går ut. Ved første gongs val vert rulleringa avgjort ved loddtrekning om alle innskytarvalde medlemene har gjort teneste like lenge.

Medlemene skal veljast av og blant innskyttarar som dei siste 6 månadene før kunngjeringa av valet, har hatt bustadadresse i kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss og har hatt innskot i Sparebanken Vest med over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga. Ingen innskyttar kan gje meir enn ei stemme.

6 innskyttarvalde medlemmer og 4 varamedlemmer skal vera busette i region Aust som omfattar kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda.

6 innskyttarvalde medlemmer og 4 varamedlemmer skal vera busette i region Nord som omfattar kommunane Granvin, Ulvik og Voss.

4 innskyttarvalde medlemmer og 3 varamedlemmer skal vera busette i region Vest som omfattar kommunane Jondal og Kvam.

Fylkesutvalet i Hordaland skal kvart fjerde år velje inntil 3 medlemmer og 2 varamedlemmer.

Generalforsamlinga vel ein valkomité med 3 medlemmer. Valkomiteen skal førebu vala, herunder ta omsyn til at samansetjinga av generalforsamlinga skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd. Leiar av generalforsamlinga skal vere leiar av valkomiteen. Valkomiteen innstiller kandidatar til styret og generalforsamlinga for kvart enkelt valområde. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjerast i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast ved brev, her under elektronisk post eller annan forsvarleg måte etter styret si nærare avgjerd.

Generalforsamlinga vert vald for 4 år. Varamedlemmer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast innan utgangen av april månad. Attval kan finna stad.

Innskyttarvalt medlem i generalforsamlinga kan ikkje ha dette vervet i lengre enn 12 år samanhengande og ikkje lengre enn 20 år samla.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Val av medlemmer eller varamedlemmer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga. Medlemmer og varamedlemmer av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vera tilsette i selskap som konkurrerer med Sparebanken Vest. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemmen inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

Første ordinære val til generalforsamlinga vert gjennomført i samband med ordinær generalforsamling i 2013. Ved opprettinga av stiftinga vil generalforsamlinga vere lik forstandarskapet i Sparebanken Hardanger, med unntak av dei tilsette sine representantar.